

# Morsdag

I dag er det morsdag-me tenkjer på mor-  
ho skal få vitjing av liten og stor-  
i dag vil me seia dei finaste ord, - til mor.

Ho skal få høyra kor snild ho har vore—  
og dei minner me gøymer frå barneåra—  
når ho klappa mitt tårekinn—  
og lagde det godt inn til barmen sin.

Mor skal få sitja på stas i dag—  
taka mot presangar og kaker av alle slag-  
og ein gong for året  
verta på hendene bære-

Tenk dei som ikkje kan møte mor i dag-  
men må gå med ein blom til ei grav-  
dei tenkjer og seier stille,  
tilgjev det eg gjorde ille-

Om søner og døtre er langt ifrå mor-  
dei sender si helsing frå sør og frå nord,  
med kjærlege tankar og ømme ord-  
famnar full mor-.

Margreta Dønhaug